

Vestland  
fylkeskommune

INV - Forvaltning og utgreiing  
INV - Forvaltning Bergensområdet

Vår referanse 2020/50220-10  
Dato 06.05.2021

Ove Karstein Toska  
Toskavegen 580  
5936 Manger

## Vedtak - Søknad om dispensasjon frå byggegrense - fv 5490 - gnr 434 bnr 28 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om dispensasjon frå byggegrense datert 30.10.2020 og revidert søknad 05.04.2021. Vi viser og til innsendte vedlegg 30.04.2021, og tidlegare korrespondanse i saka.

### Vedtak

Med heimel i veglova og gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5490 Grindheimsvegen for å oppføre tilbygg til bustad på gnr. 434 bnr. 28 i Alver kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 23.03.2021.
2. Avstanden frå tilbygget (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5490 skal vera minst 10,3 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentlig veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tilbygget må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv og frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5490.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og ADT (årsdøgertrafikk)er 250. Fylkesvegen er klassifisert til haldningsklasse «lite streng» jf. *Rammeplan 2021-2024*.

Det er søka om to nye tilbygg på ein eksisterande bustad. Vi viser til tidlegare vedtak som gav avslag på søknad med tiltak 4,87 meter frå vegmidte, blant anna med tanke på eventuell framtidig utviding og oppgradering av vegen.

Telefon  
05557

E-post  
post@vlfk.no

Heimeside  
www.vestlandfylke.no

EHF-Fakturaadr.  
821311632

Organisasjonsnr.  
821 311 632

Det er no gjort ei ny vurdering med revidert søknad og revidert situasjonskart. Ny søknad viser at tilbygga er trekt lengre vekk frå vegmidte enn første søknad. Tiltaket vil ikkje kome i konflikt med siktsoner eller dagens bruk av fylkesvegen. Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden gjev vi dispensasjon frå byggegrense til det omsøkte tiltaket.

#### **Retten til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova . Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet . Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova .

Ta kontakt med sakshandsamar Lillian Byrknes på om du har spørsmål.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*